


Analyse av tal personar som bur innafor ein radius på 500 meter, 4 og 10 kilometer frå ein kspresbusstrase i Sogn og Fjordane



Målsetting for analysen

Målsettinga for analysen er og synleggjere kor mange som bur i rimeleg avstand til ein ekspressbusstrase i Sogn og Fjordane. Resultatet skal visast som prosent personar som bur innafor ein radius på 500 meter, 4 og 10 kilometer. Den skal også vise prosent personar som bur utafor desse radius.

Datagrunnlag, metode og feilkjelde

Kapittelet skildrar datagrunnlaget, den anvendte metode og feilkjelder.

Datagrunnlag

Analysen tek utgangspunkt i ekspressbusstrasear som vi sjølv har digitalisert ved å hente ut ruter frå rutehefte for bussar og teikna desse etter ELVEG nettverket. Vi har brukt befolkningsstatistikk på 250x250 meter frå Statistisk sentralbyrå (SSB).

Befolkningsstatistikk og rutenett er lasta ned frå SSB og er for 2012. Dei to datakjelder er så kopla saman slik at berre ruter som har personar knytt til seg blir teke med vidare.

Elveg er eit produkt som blir tatt ut frå Nasjonal Vegdatabank. Produktet innehelder alle kjørbare vegar og deira eigenskaper. Data egner seg til transportplanlegging, elektronisk adressekart, bilnavigasjon, overvaking og vegvedlikehald. Data kan også brukast i kartproduksjonar, tilpassa målestokk 1:5 000 – 1:25 000.

Metode

For og gjere analysen har vi nytta ArcGis.

For ekspressbusstraseane er det generert ein buffer på dei gitt radiane på 500 meter, 4 og 10 kilometer. Når dei vart genererte, vart det kryssa av for at overlappande flatar blir slege saman til ei heiledekkande flate i staden for mange sirkelflater.

Rutenett inneheldt alle ruter som dekker heile fylket. Befolkningsstatistikk er blitt slått saman med rutene ved samankopling (join) på SSB-id. Join er gjort slik at berre ruter med innhald blir teke med vidare.

Så er det kjørt ein analyse som tek med alle ruter som overlappas av dei buffer genererte traseane ved hjelp av funksjonen «intersect». Ved å summere opp kollona for tal personar i kva rute som er igjen etter overlapp analysen får ein ut kor mange som er bur innafor traseane.

Feilkjelder

Analysen som finn overlapp mellom rute og buffer, tek med alle i dei rutene som blir overlappa. Den skil ikkje på om det er 10 prosent eller 90 prosent av ruta som vart overlappa. Dette er ein kjelde til feilmargin i analysen. Stikk prøvar i analysen visar at feilmarginen ofte ikkje er så stor fordi konsentrasjonen av hus i ruter er oftast plasser nærmast veg og. Data frå SSB for Befolkningsstatistikk inneheld 107 667 personer i fylket. Dette samsvarar ikkje med andre statistikk oversiktar får SSB på folketal for 2012. Dette er ein feilkjelde med prosentandelen vil truleg ikkje bli påverka av dette.

Resultat

Analysen visar at:

49 prosent (52 851) av innbyggjarane (107 667) bur innafor 500 meter frå ein ekspressbusstrase. 51 prosent (54 816) bur utanfor område.

70,5 prosent (75 863) av innbyggjarane bur innafor 4 kilometer frå ein ekspressbusstrase. 29,5 prosent (31 804) bur utanfor område.

80,4 prosent(86 605) av innbyggjarane bur innafor 10 kilometer frå ein ekspressbusstrase. 19,5 prosent (21 062) bur utanfor område.


Diskusjon av resultat

Geir eller Trond?

49 prosent av befolkninga bur innafor 500 m frå
ekspressbusstrase. 51 prosent bur utanfor området.

Teiknforklaring

- Ekspressbusser
- Buffer_ekspressbuss_500_m



1:1 000 000

**70,5 prosent av befolkninga bur innafor 4 km frå
ekspressbusstrase. 29,5 prosent bur utanfor området.**

Teiknforklaring

- Ekspressbusser
- Ekspressbusstrase med 4 km buffer




1:1 000 000

80,4 prosent av befolkninga bur innafor 10 km frå ekspressbusstrase. 19,5 prosent bur utanfor området.

Teiknforklaring

- Ekspressbusser
- Buffer_ekspressbuss_10_km



1:1 000 000